

Månadsplan på Gangar for

MAI

Tema: Vår og 17.mai



Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
		1. Arbeidernes dag - bhg stengd	2. Matlaging	3. Kropp og hopp - tur
6. Formingsaktiviteter	7. Divisi på Mellomrommet	8. Tur i nærområdet	9. Kr.himmelfartsdag - bhg stengd	10. Planleggingsdag - Bhg stengd
13. Formingsaktiviteter	14. Divisi på Mellomrommet	15. Uteryddedugnad saman med Springar og Austrheim bhg kl.0930	16. Vi går i tog, og leikar oss nærare den store dagen!	17. GRATULERER MED DAGEN! -bhg stengd 
20. 2.pinsedag - bhg stengd	21. Divisi på Mellomrommet	22. Tur i nærområdet	23. Matlaging	24. Kropp og hopp - tur
27. Foreldredugnad - sjå e-post	28. Divisi på Mellomrommet Fotografering kl 0930	29. Tur i nærområdet	30. Matlaging	31. Kropp og hopp - tur

Ein skapande og musisk møteplass

Våren er for fullt i gong med nytt liv både på tre, blomar, varme frå solstrålane, små lam, og kyllingar. Rett etter påske var vi så heldige som fekk koseleg besøk av små kyllingar. Alle var vi fasinerte av desse små og mjuke skapningane. Det er så fint å kunne undre seg saman med barna over alt som spirar og gror både inne i fjøs og ute i naturen.

Ute finn vi både tissemaur, edderkoppar, meitemarkar, blomar, og høyrer på nydeleg fuglekvitter. Varmegradene har også krøpe oppover så vi har kunne gått med litt lettare kle, noko som igjen gjer det enklare å bevege seg rundt. Men vi nok treng framleis litt varme kle. Kontrastane kan vere store i løpet av ein dag.

Balansering, sykling, og turar i beitet er noko barna viser stor glede og meistring ved. Og aller kjekkast er det når vi gjer det saman 😊

«Eg sit under stoffstykket som heng i treet bak Gangar. Det kjem ein 1-åring og ein 2-åring. «Vil de komme inn her til meg?» Dei kjem, og stemninga er på topp. Fleire barn kjem stabbande opp mot oss, og eg slår fast at «Her er det plass til fleire; kom inn!» Ungane gjentar at det er plass, og 2-åringen spør nestemann som går forbi: «Vil du være med?» Vi sit og står tett, noko som ikkje er så lett, men songen som eg set i gang «ryddar» situasjonen, og vi finn ut av det. Vi syng om at her er det plass til alle, og om at vi må ut å fly (når det vært for tett). Sånn fortsett vi; inn og ut av vår vesle hytte, rungande om at vi har plass og er i lag.»

Orda vi vaksne nyttar har stor betydning for korleis situasjonane vert, og kva haldningar vi sår. Det er viktig at vi seier gode ting høgt som til dømes «Her er det plass til fleire, vil du være med?». Sånn gir det meining for ungene, og det inkluderande fellesskapet vi ynskjer får god grobotn.

Mai byr på fleire kjekke dagar! 17.mai vert eit naturleg høgdepunkt. Og fram til det vil vi synge, forme, gå i tog og leike oss inn i og mot nasjonaldagen.

På 17.mai er de alle velkomne til å gå i tog under barnehagen sin fane i fellestoget på Sandane! Sjå annonsering i avis/plakatar/facebook.

Songar og reglar i mai:

- *Det går et festtog gjennom landet*
- *Vennesongen*
- *Jeg gikk en tur på stien*
- *Alle fugler*
- *Hipp, hipp hurra vi er så glad, det er 17.mai i dag; HURRA HURRA HURRA!*
- *Lille Måltrost*
- *Sola er god*

Ta kontakt om de har tankar eller spørsmål!

Med venleg helsing Anne og gjengen på Gangar